



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.02.2018
Vår ref.: 2018/3226-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn i samband med bygging av landbruksveg - gnr 186 bnr 2 - Åse nordre - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 18.01.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle arkeologiske funn ved gjennomføring av planen må Hordaland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.